



Arkivnr: 2016/3311-26
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om det er "business as usual" i fylkeskommune trass regionreforma

Bakgrunn for saka:

I arbeidsmøte kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune hadde saman med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 04.06.18 vart m.a. dette protokollert:

- Kontrollutvalet bør ha tett oppfølging av prosessen med samanslåing av dei to fylkeskommunane ved at prosjektleiar/fylkesrådmann vert invitert relativt hyppig til møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet.
- Kontroll av noverande fylkeskommune kan skje ved at fylkesrådmannen kjem i møter i kontrollutvalet for å orientere om det er «business as usual» og i tilfelle ikkje, samt kva dette eventuelt går utover.

Drøfting:

Det er gjort avtale med konst. fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune, Ingrid Kristine Holm Svendsen, om at ho kjem i dette møtet for å gje kontrollutvalet ei slik orientering.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko i orienteringa som gjev grunn til uro vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Det vert vidare tilrådd at utvalet ber om å få ny orientering om status i møte 11.06.2019.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at konst. fylkesrådmannen, Ingrid Kristine Holm Svendsen, kjem i møte 11.06.2019 for å orientere om ny status.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.